

	Etat	Merknad oppsummert
1.	Austevoll kommune	<ul style="list-style-type: none"> • 5.3.5.2 Bruer og kaiar, Fv. 513 Mjåsund bru Austevoll kommune ber om at ny bru i Torangsvåg med tilkomstvegar blir prioritert. Det føreligg godkjent reguleringsplan. Brua og tilkomstvegar har svært dårlig standard, skapar store vanskar for vanleg trafikkavvikling og er særleg trafikkfarleg for gåande og syklande. Austevoll kommune er viljug til å drøfte forskotering av prosjektet og ønsker møte om dette. • 5.3.3 Framtidige bompengepakkar og prosjekt, Austevollpakken og ferjeavløysingsmidlar Austevoll kommune meiner det er positivt at Austevollpakken er omtala i investeringsprogrammet. Kommunen har hausten 2017 teke initiativ overfor Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen til å starte arbeidet med ei samferdsleutgreiing, med heimel i kommunestyrevedtak 15.12.2016. I samband med Austevollpakken vil vidare arbeid med fv. 546 Tunnel og bru Bjelland og fv. 546 og fv. 151 Selbjørn bru—Fagerbakke inngå. • Austevoll kommune ber om at investeringsprogrammet opnar for framtidig ferjeavløysingsprosjekt, med sikte på anten nytt vefsamband påkopla E39 eller innkorting av eksisterande ferjesamband. • 5.3.4 Rassikring, Behov for rassikring Austevoll kommune kan ikkje sjå at Statens vegvesen har kartlagt behovet for rassikring i Austevoll, jf. fagrappoart frå Statens vegvesen som er vedlagt framlegg til investeringsprogrammet og som låg ved regional transportplan. Kommunen viser til at det den siste tida har vore ras på fylkesvegnettet i kommunen. Det må derfor gjerast analyse av behova for rassikring i Austevoll og tiltak til utbetring må prioriterast slik som det er gjort for andre kommunar i Hordaland.
2.	Austrheim kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Austrheim kommune ynskjer meir midlar til kantforsterking av eksisterande fylkesvegar og meir midlar til asfaltering av fylkesvegane. Å ta vare på og vedlikehalda eksisterande fylkesvegar og eksisterande fylkeskommunale gang- og sykkelvegar må prioriterast først og høgt. • Trafikksikker kommune: Austrheim kommune var deltakar i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune" og fekk godkjenning formelt i 2016. Prosjektet var eit samarbeid med Trygg trafikk og Hordaland fylkeskommune og skal sikre eit systematisk arbeid for å auke trafikktryggleiken i kommunane. For å oppnå godkjenninga "Trafikksikker kommune" må kommunen dokumentera at ein arbeider heilhetleg og målretta med trafikktryggleiken. Det forpliktar kommunane som deltek i dette pilotprosjektet framover. Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet å ta inn over seg dette med å prioritera trafikksikringstiltak langs fylkesvegane i dei kommunane som har gjort eit systematisk arbeid med dette. Det gjeld både kommunane Austrheim og Lindås i Nordhordland. • Gang- og sykkelvegar og rundkøyringar som er ferdig regulert: Austrheim kommune synes det er viktig at gang- og sykkelvegar vert bygd ferdige steg for steg der reguleringsplanar er ferdig godkjente. I Austrheim kommune gjeld det reguleringsplan «Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy». Den vart godkjent den 28.02.2017. Her vart det også gjeve fylkeskommunale planmidlar til støtte for planarbeidet. Det er viktig at arbeidet med å få på plass ein samanhengande gang- og sykkelveg langs FV 565 og til

		<p>kommunesenteret vårt med kjem med i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Det gjeld og reguleringsplan for «Fylkesveg 57 gang/sykkelveg - parsell Lindås kommunegrense til Mongstadkrysset». Den vart godkjent den 23.05.2017. På denne strekninga er det mykje trafikk til og frå Mongstad-området. Å få på plass det som er regulert her, mellom anna kryss med rundkøring ved Keilevegen vil vera eit viktig tiltak for trafikktryggleik her. Dette må inn i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Også Leirvågkrysset med rundkøring må prioriterast i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Denne rundkøyringa vart regulert ferdig i «Detaljregulering Næringsområde N05 Leirvågkrysset». Den vart godkjent den 27.11.2014. Dette er ei rundkøring på Fv. 57 og som går til ei viktig ferjestrekning Leirvåg-Sløvåg, den går over Fensfjorden. Trafikksikring: Austrheim kommune synes det er viktig å prioritera tiltak som er med i dei kommunale trafikksikringsplanane. Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023 for Austrheim kommune vart godkjent den 27.10.2016. Her er det prioritert høgt mellom anna planfri overgang i Nordre Fonnesvågen ved Fonneskrysset. Den er regulert i «Områderegelering Nordre Fonnesvågen del av Gnr 131». Den vart godkjent formelt den 11.02.2016. Det er viktig å ha midlar til slike tiltak som er viktig for trafikktryggleiken lang Fv. 565. Dette må inn i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Økonomisk støtte til planarbeid: Austrheim kommune ber om at det vert gjeve fylkeskommunale planmidlar til å starta planarbeidet med reguleringsplan for «Fylkesveg 565 gang/sykkelveg- parsell Littlelindås til Austrheim». Dette planarbeidet er med i planstrategien i Austrheim kommune som var godkjent den 15.12.2016. Dette planarbeidet må prioriterast i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet
3.	Bergen kommune	<ul style="list-style-type: none"> Bergen kommune ser det som riktig at Hordaland fylkeskommunes bidrag til byvektavtale og den nye bompengepakken håndteres i eget handlingsprogram i regi av Miljøloftet. Bergen kommune er tilfreds med at hele beløpet på 255 mill kroner årlig (2017-kroner) til Bergen skal håndteres på denne måten, jf. kommunens høringsinnspill til RTP av april 2017. I høringsinnspillet ble det pekt på uro over at høringsforslaget til RTP åpnet for at det fylkeskommunale bidraget til Bergen også skal kunne benyttes til eventuelle utbedringstiltak på fylkesvegnettet i Bergen som ikke inngår i byvektavtalen. For Bergen er det videre avgjørende at midlene som er satt av gjennom byvektavtalen i all hovedsak benyttes til investeringer innenfor programområder, i særdeleshet tiltak innenfor kollektiv, gang- og sykkel og trafikksikkerhet. Etter Bergen kommunes vurdering bør tiltak som gjelder standardheving/opprustning for å ta igjen forfall på eksisterende fylkesvegnett i Bergen i hovedsak finansieres gjennom investeringsprogrammet som nå er på høring. Bergen kommune er positiv til vektleggingen av trafikksikkerhet, inkludert omtale av «Hjertesone» som tiltak, men peker på at det gjerne kunne vært en mer konkret omtale av det felles prosjektet som pågår for å innføre «hjertesone» ved alle grunnskoler i Bergen kommune. For øvrig er Bergen kommune positiv til høringsforslagets sterke vektlegging av at porteføljestyring skal legges til grunn for prioriteringer. Dette vil være et verktøy for å sikre at vedtatte målsettinger og strategier i Regional transportplan, som Bergen

		<p>kommune i all hovedsak har sluttet seg til, følges best mulig opp.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Selv om det er store utfordringer med knappe midler i forhold til de samlede behov, er det Bergen kommunes vurdering at satsing på kollektiv, sykkel og gange i og rundt regionsentrene burde vært tydeligere synliggjort i forslag til investeringsprogram. Dersom også regionsentrene rundt Bergen skal kunne lykkes med fortettingsambisjoner, må det legges bedre til rette for å kunne utføre mer av transportarbeidet med bruk av miljøvennlige transportformer. • Bergen kommune oppfordrer Hordaland fylkeskommune til å gjennomføre høring av investeringsprogrammet hvert fjerde år, slik det der antydet i forslaget.
4.	Bømlo kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Det må lagast ei opplisting som viser kva Bømlopakken skal tilførast av momskompensasjon frå realiserte prosjekt. Vi saknar ei oversikt over kva som er tilført pakken frå desse midlane. • Ser at det er sett av 110 mill. i 2018 og 2019 til Bømlopakken. Er dette ei restløyving til Bømlopakke 1 for å sikre at fylkeskommunen bidreg i samsvar med stortingsvedtak eller ligg det også momskompensasjon i denne summen? • Kva er lagt inn av midlar til Bømlopakke II? Kan ikkje sjå at det er lagt inn noko i det heile. Dette er ikkje i samsvar med klare føringer vi har fått om at fylkeskommunen bidreg med ca. 10 % av totalramma. • Bømlo kommune er ferdig med handsaming av Bømlopakke II. I dette dokumentet kan det sjå ut som om vi framleis er i prosess. Vi forstår at vi skal ha saka attende når SVV har kvalitetssikra tala, men ut over det er Bømlo ferdig med prosessen som mellom anna har avklart plassering av bomstasjonar. Vedtaket om Bømlopakke II vart gjort i kommunestyret 19. juni 2017 med stort fleirtal 26 mot 1 røyst. • På side 41 i dokumentet står det noko om at pakken skal vere med å finansiere vedlikehald av Bømlobrua. Ein kan ikkje nyta bompengar til vedlikehaldsprosjekt med investeringskarakter. Det vil uansett ikkje vere mogleg å få lokal forankring for ei slik tilnærming. • Bømlo kommune viser elles til høyringsinnspelet til RTP: • Bømlo kommune legg til grunn at fylkeskommunen tek sitt avtalte økonomiske ansvar i Bømlopakken, også den utvida pakken som skal handsamast våren 2017. • Det må vere ein ambisjon at vedlikehaldsforfallet blir redusert i planperioden og at dette også skal gjelde den delen av fylkesvegnettet som ikkje har regional funksjon. • Bømlo er glad for at planen legg opp til å prioritere trygge skulevegar, og særlege trafikksikringstiltak og at den legg opp til auka gange og sykling. «Nullvisjonen» for drepte og skadde i trafikken må haldast høgt. • Dagens ferjetilbod i sambandet Langevåg- Buavåg er eit minimumstilbod. Av omsyn til næringslivet er det viktig at både opningstid, frekvens og kapasitet minst blir lagt på dagens nivå. • Planen må ha klåre føringer på snøggbåttilbodet i Sunnhordland si rolle med omsyn på å sikre gode snøggbåttilbodet internt i regionen og inn mot regionsenteret spesielt, men planen må også ha ambisjonar om vidareutvikle snøggbåttilbodet mellom regionen og Bergen/Flesland. Dette blir spesielt viktig når vi kan konstatere at realisering av ferjefri E 39 mest sannsynleg ikkje er realisert i planperioden. • Bømlo kommune er glad for at planen tydeleg peikar på trangen for å realisere Bømlo fiskerihamn. Sjølv om dette er eit statleg prosjekt legg Bømlo kommune til grunn at fylkeskommunen arbeider aktivt for å få realisert dette prosjektet.

		<ul style="list-style-type: none"> • Planen må ha klårare føringar på målet om universell utforming av alle terminalar og transportmidlar og overgangen mellom desse.
5.	Eidfjord kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Eidfjord kommune tek til etterretning at det vil ta lang tid å få realisert den optimale rassikringa av Fv103, med ein tunnel kostnadsrekna av Statens vegvesen til 560 mill. kr. • Eidfjord kommune ynskjer difor at dei 15 mill.kr. som er avsett i Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP, vert nytta i perioden 2018 -2020, til eit ca. 300m langt fanggjerde frå Felevika og vestover, samt sikring med isnett i Strangasvå. • Eidfjord kommune er tilfreds med at Fv7, som ein viktig avlastingsveg for E16 mot Bergen, har status som ein av dei prioriterte overordna fylkesvegane. Fv7 må sikrast nok midlar, slik at dei mange «flaskehalsane» vert fjerna tidleg i planperioden.
6.	Etne kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Etne kommune krev at Fv48 Skånevik – Flesjå må inn i perioden 2018-2019. • Etne kommune er relativt nøgd med snøggbåt/marknadsføring som reiselivsprodukt. • Etne kommune meiner Fv34 Skånevik – Etne treng opprusting. • Etne kommune ønskjer at Fv 48 vert overordna fylkesvegnett.
7.	Evensen	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkesveg 404, Kvamsliane/Kvamsbrekko er ein særlig farlig skuleveg. Det ligg no føre godkjent reguleringsplan og utbetring av vegen må prioriterast.
8.	Fikse Næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Fv 48 Skånevik-Flesjå må fullfinansierast og gjennomførast i starten av perioden Fv 48 er ein svært viktig veg mellom dei to tettstadane i Etne, samt at med eit Skånevik-Utåker-Matre-samband i vekst er dette ein viktig regional diagonal som knyter Sunnhordland til den viktigaste aust-vest-traséen. Vegen er så dårleg og rasfarleg at det er eit problem for næringslivet i Skånevik å rekruttera arbeidskraft frå Etne eller andre som må nytta vegen til og frå arbeid. • Snøggbåttilbodet Sunnhordland-Bergen må styrkast Dette er det viktigaste samferdseltilbodet som knyt Etne til Sunnhordland og Sunnhordland til Bergen. Dette gjer at ungdom frå Etne kan gå på skule i Sunnhordlang og framleis bu heima. Dette snøggbåttilbodet betyr også og er avgjerande for at Sunnhordland fungerer som eit felles bu-og arbeidsmarknad.
9.	Fitjar kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Bompengeprosjektet for Stord har berre midlar til ei minimumsløysing på strekkja ved kommunegrensa mot Stord. Det er sterkt ynskjeleg med friske midlar slik at prosjektet kan fullførast. • Fv. 72, Dåfjordvegen. Her må det lagast planar for utbetring av vegtilkomsten til Selevikkrinsen, noko kommunen meiner må omtaltast i planprogrammet. • Som vist i fylkeskommunen si utgreiing «Moglegheitsstudie for tilførslevegar til ny E 39» frå 2015, vil ei avkorting av Fv 545 forbi Litlabø/Sagvåg mot E 39 vera aktuell. Her er det tre ulike modellar som er nemnd i saka, men ikkje prioritert, og som i noko monn vil kunna vera del av Stordpakken: • Ny veg gjennom Hustredalen og utbetring av Litlabøvegen mot Leirvik, men med høgare fart. • Ny veg gjennom Hustredalen og ny veg rett mot E 39 («Bråten modellen»). • Avkorting og høgare fartsgrense på Fv 545 frå Sagvåg til E 39. • Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen set av midlar slik at dei kan yta tilskot til mindre samarbeidsprosjekt. Me ville ynskt ei styrking av posten, og tillet oss å peika på Fv 75 frå Vestbøstad til avkjøring mot Kråko som eit aktuelt prosjekt. – jmf.

		Trafikksikringsplan 2014-2022.
10.	Fjell kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Fv 209 Foldnesvegen, frå Foldnes skule til kryss gamle Foldnesvegen, 1728 meter. Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg på heile strekninga, 1728 m. Standardhevinga er kostnadsrekna til om lag 80 millionar kroner. • Fv 210 Vestsidevegen, frå kryss Møvikka kai og 375 m nord mot Skålevika. Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg frå 0-375 m. Standardhevinga er kostnadsrekna til om lag 15 millionar kroner. • Fv 210 Vestsidevegen, frå Apalvågen kai og 560 m nord mot Eide. Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg frå Fv 210 HP1 3565-4125 m- Standardhevinga er kostnadsrekna til om lag 23 millionar kroner. • Fjell kommune peikar elles på fleire uløyste oppgåver knytt til øvrig fylkesvegnett. • Ber om ei styrking av kollektivtilbodet med direkteruter. • Ut frå det store etterslepet meiner kommunen at Mindre utbetringar, Trafikksikring og Gang- og sykkel må aukast monaleg.
11.	Funksjons-hemmedes Fellesorganisasjon (FFO Hordaland)	<ul style="list-style-type: none"> • FFO Hordaland meiner at universell utforming og tilgjenge må prioriterast og vere eit hovudmål som løftast tydelegare fram i planen. I tillegg bør utviklinga av regionsentra og kollektivtransporten mellom sentra, vere universelt utforma som ein del av framtidsretta og innovativ løysning til det best for alle grupper. Dette for å skape enhetlege reisekjeder som er tilgjengeleg og universelt utforma. Fylket bør inngå samarbeid på tvers og mellom ulike aktørar, for å skape best mogleg løysingar. • FFO Hordaland meiner det bør utarbeidast ei konsekvensutgreiing i forhold til dei strekningane der veg vert erstatta av tunnell, og bør og sjåast i samanheng med evakuering. I eit framtidsperspektiv bør det vurderast å byggjast eige tunnelløp der rullestolbrukarar og andre mjuke trafikantar vert ivaretatt. • FFO Hordaland meiner at TT ordninga må vidareførast og styrkast for alle brukargrupper i ordninga.
12.	Granvin herad	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Granvin herad støttar i hovudsak Hordaland fylkeskommune sine vurderingar og prioriteringar i Investeringsprogrammet til Regional transportplan. • 2. Granvin herad støttar også vridinga mot portefyljestyring, og trur dette vil kunne gje meir målretta og effektiv styring av vegpolitiske prioriteringar. • 3. Granvin herad ber om at investeringane i strekninga Ulvik – Trengereid blir framskunda til 2019/2020. • 4. Granvin herad ber Hordaland fylkeskommune om å gå inn for å leggja heile strekkjet Stavanes til Granvin sentrum i tunell. Denne strekkja vert av Statens Vegvesen kategorisert som høgrisiko, med mange potensielle skredlaup. SVV har difor alt utarbeidd skisser for tunell forbi dette strekkjet som eit alternativ til punktsikring. Det er viktig at ein prioriterer tunell forbi dette særslig rasutsette området fordi ei punktsikring aldri vil verta fullgodt. Dette arbeidet må i gang så raskt som mogleg for å rusta opp Fv7 til å ta imot trafikken i forbindelse med K5 utbygging, og for å handtera dei stadige stengingane av E16 Bergen-Voss. • 5. Granvin herad ber Hordaland fylkeskommune gjera naudsynte grep både på kort og lang sikt for å sikra dei mjuke trafikantane i overgangen mellom gamal og ny veg i Folkedal. • 6. Granvin herad ber Hordaland fylkeskommune merka seg framlegg til samarbeidsprosjekt rundt sikring av skulevegen/mjuke trafikantar mellom Moelven Granvin bruk – FV 7. • Granvin herad viser elles til sin uttale til RTP: • Der peika dei på skredsikring i eit tid med forventa auka nedbør og fare for fleire og større skred langs vegane, og skuleveg og mjuke trafikantar.
13.	Hardangerråd	<ul style="list-style-type: none"> • Hardangerrådet vil påpeika behovet for investering i nye offentlege toalett i Hardanger. For å byggja opp ein tilstrekkeleg kapasitet

	et IKS	<p>på offentlege toalett ber Hardangerrådet om at det i denne omgang vert avsett 4 mill av investeringsramma til oppbygging av offentlege toalettanlegg på sentrale stader i Hardangerregionen. Slike anlegg må driftast gjennom avgift frå besøkande og i tilknytning til anna verksemder som t.d. kioskdirft.</p> <ul style="list-style-type: none"> •
14.	Hauge grendaråd	<ul style="list-style-type: none"> • Hauge grendaråd ynskjer å oppmode om å prioritere midlar til bygging av gang- og sykkelveg langs fv 567 Loftås- Hauge. Etablering av gang- og sykkelveg mellom Loftås-Hauge (1,5 km) vil føre til at en får ein samanhengande gang- og sykkelveg mellom Valestrand og Hauge (områdesenter), dette vil førebyggje ulykker og bli eit trafikksikkert tilbod for mjuke trafikkantar.
15.	Hauge helselag	<ul style="list-style-type: none"> • Hauge helselag ser det som særstakt viktig å få på plass manglende gang- og sykkelveg på strekninga Loftås-Hauge. Denne vegen som er så hardt belasta er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikkantar. Trygge skulevegar er eit viktig arbeid innanfor trafikksikringsarbeidet i kommunane og eit godt folkehelsetiltak. • «Hjertesone» er ein felles dugnad, som mellom anna er lansert av Helsedirektoratet og Trygg Trafikk. Føremålet er å skape sikrare skulevegar, betre helse og styrke miljøet. Dette er viktige element som Hauge helselag støttar.
16.	Hotell Ullensvang AS	<ul style="list-style-type: none"> • Lysregulering Rv 13 • Vegvisning i Odda – mot Voss/Vik/Vangsnes for å unngå at trafikkantar køyrer via Utne/Jondal. • Toalettsituasjonen må bli betre. Nasjonale og internasjonale reaksjonar er mange på at dette er, og har vore dårleg. Ber og om møteplassar så reisande kjem tidsnok til toaletten. • Ber om at Rv 13 vert sett i gang som bompengeinnkrevningstrase allereie i 2018. • Gamleveien i Måbøalen må bli sett i stand som den fantastiske turistveien den vil kunne vere. • RV 7 over Hardangervidda må bli vintersikker. <p>Hurtigbåten mellom indre strøk og Norheimsund bør/må vurderast som heilårsrute i korrespondanse med buss til/ frå Bergen.</p>
17.	Jernbanedirek toratet	<ul style="list-style-type: none"> • Jernbanedirektoratet har ingen merknader til innhalDET. • Jernbanedirektoratet minner på generelt grunnlag om at det etter etablering av jernbanereforma (01.01.2017) er Bane NOR som forvaltar alt sakshandsamingsansvar knytt til plan- og bygningslova. Dette ansvaret omfattar også motsegnsinstituttet. <p>Jernbanedirektoratet ynskjer framleis å bli involvert i regionale planar som omfattar våre fagområde.</p>
18.	Jondal kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Fv. 107 Austrepollen – Nordrepollen, Kvinnherad kommune I omtala av dette prosjektet s.42 står det at: «Ein eventuell bompengesøknad ligg derfor nokre år fram i tid». Her bør det presiserast at Jondalstunnelen vil vera nedbetalt i 2020 og at bompengesøknaden må avklarast før dette. Ein ser det som uheldig ta ned bompengestasjonen for så å starta opp att kort tid etter med ny innkrevjing for nytt eit prosjekt. Ein alternativ ordlyd kan vera: «Ein eventuell bompengesøknad ligg litt fram i tid, og bør vera avklara før Jondalstunnelen er nedbetalt i 2020». Dette er eit viktig tiltak for Jondal kommune, sjølv om det er lokalisert i Kvinnherad kommune, både som del av det overordna vegnettet, og ikkje minst som internasamband i ny kommune. • Gang- og sykkelveg langs Fv107 Sætveithagen – Jondal Programutkastet opnar for ei utfyllande liste over tiltak innanfor området gang- og sykkelveg. Vi ønskjer å peika på strekninga Sætveithagen – Jondal med stor og aukande trafikk til og frå ferja, samstundes som den er skuleveg for viktige sentrumsnære bustadområde. Vidare utvikling av desse bustadområda føreset at gang- og sykkelveg kjem på plass. Det kan vera aktuelt med eit spleislag rundt prosjektet.

		<ul style="list-style-type: none"> • FV 550 Jondal - Utne • Vedlikehaldsetterslepet er sort, og det er trøng for punktutbetring fleire stader. Vegen vil få auka betydning som internsamband i den nye Ullensvang kommune. Den må få ein standard som gjer den tenleg for alle som bur langs vegen. Det har vore fleire utgreiingar om tilstand og trøng for oppgradering, der mykje arbeid står att. Strekningen er ikkje omtala i investeringsprogrammet.
19.	Kvam herad	<ul style="list-style-type: none"> • Kvam heradsstyre har i sitt møte 10.10.2017 gjort vedtak om følgjande høyningsuttale: • Kvam herad vert kraftig ramma av etterslepet og forfallet som er på fylkesvegane. Kommunen vår er ein av dei kommunane med mest fylkesveg i tal kilometer og ber difor om at Kvam herad vert prioritert i investeringsprogrammet på følgjande punkt: <ul style="list-style-type: none"> • 1. Kommunedelplan for Fv-7 Tokagjelet/ under Kvamskogen (Hardangertunnelen). Kvam herad krev at det vert arbeidd vidare med finansiering for å auka summen på 300 millionar, som ligg i investeringsprogrammet for 2018- 2022 og 2022- 2025. • 2. Strekningsvise utbetringer på Fv- 7 i mellom Øystese og Granvin. Kartleggingsarbeidet viser at det er eit stort behov for utbetringer. Vegen er ein viktig omkjøringsveg for E 16. Kvam herad krev difor at oppstart av utbetringerne på strekkja kjem tidlegare enn 2021. • 3. Strekkja i mellom Mundheim og Oma på Fv- 49. Kvam herad ønskjer ein trygg og god veg i heile kommunen, og ynskjer at utbetringer av strekkja i mellom Mundheim og Oma på Fv- 49, vert teke inn i slutten av RTP- perioden 2018-2021. • 4. Utbetring av knutepunktet Norheimsund. Norheimsund er eit viktig knutepunkt for buss og båt. Ny vidaregåande skule kjem på plass i Norheimsund i 2026. Kvam herad ber difor om at det vert gjort utbetringer av dagens knutepunkt i RTP-perioden 2022- 2025. • 5. Utbetring av strekkja i mellom Vikedal og Ålvik. Strekkja Vikedal- Ålvik er trekt fram i Kvam herad sin trafikksikringsplan. Kvam herad ønskjer at utbetring av strekkja kjem med i RTP-perioden 2018- 2021. • 6. Eige prosjekt for mjuke trafikantar og dei som reiser kollektivt i høve bygginga av Hardangerbadet. I høve bygginga av det planlagde Hardangerbadet, ber Kvam herad om at det vert sett av midlar i RTP- perioden til eit eige prosjekt for mjuke trafikantar og for dei som reiser kollektivt. • 7. Gang- og sykkelveg på Kvamskogen. Kvam herad påpeikar at løysingar med gang- og sykkelveg på Kvamskogen må takast med i investeringsprogrammet i RTP- perioden 2018- 2021 jamfør arbeidet med «enklare løysingar for gang og sykkelvegar». • 8. Strekkja i mellom Oddland og Lidarende. Strekkja Oddland - Lidarende er klar til utlysing, men det manglar midlar grunna stor kostnadsauke i prosjektet. Kvam herad meiner at det bør på plass eit «spleiselas» for å få finansiert prosjektet. Prosjektet er eit viktig trafikksikringstiltak ettersom det er stor auke i trafikken etter opninga av Jondalstunnelen. • 9. Samarbeidsprosjekt for felles utbygging av vatn/avlaup og tilrettelegging for mjuke trafikantar. Strekkja Øystese- Laupsa, Strekkja Øysteseheimen- avkjøring Gartveitvegen og Norheimsvegen, må takast med i RTP- perioden 2018-2021 som • samarbeidsprosjekt for felles utbygging av vatn/avlaup og tilrettelegging for mjuke trafikantar (ref. høyningsbrev kapittel 5.3.5.4. mindre samarbeidsprosjekt).
20.	Kvinnherad kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Kvinnherad kommune støttar punkta i saksframlegget. • 1. Prosjektering og gjennomføring av rassikring Matre – Åkra fylkesveg 40 • 2. Framkommeleighet for tømmer/tungtransport: Prosjektering av bruer. Vi har mange bruer som blir flaskehalsar og problematiske for gående og syklande i denne samanhengen. • 3. Trafikksikringstiltak i tilknytting til bustadfelt med gangavstand til regionsenteret og skulesenteret på Husnes. Fylkesveg 44

		<p>Kaldestadvegen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 4. Kollektivtiltak i Kvinnherad kommune. Vi viser til synfaringsrapport til Hordaland fylkeskommune, statens vegvesen og Skyss 23 juni 2016. • Kvinnherad kommune vil spesielt peike på utfordingane på ferje/snøggbåtkaien på Sunde sine behov for trafikksikring, parkering og buss (ankomst – vente plass og avgang). • 5. Punktutbetring i samsvar med investeringsprogrammet. Viktigast er trafikksikring skuleveg.
21.	Lindås kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Lindås kommune vil på det sterkeste påpeika trangen for auka løyingar til vedlikehald av fylkesvegane. • Lindås kommune viser til Statens vegvesen sin faglege vurdering av fylkesvegnettet i Hordaland som ble utført for nokre år sidan. • Lindås kommune er den 3. største i Hordaland når det gjeld lengda på fylkesvegar, med 187 km. Likevel er det ikke utført ordinært vedlikehald/utbetring i kommunen i heile den siste sist planperioden (2013-2017). Heller ikke i perioden 2018-2021 er det sett av midlar til såkalla «strekningsvise prosjekt» i Lindås kommune. Denne nedprioriteringa av fylkesvegane i Lindås kan ikke halda fram, då det går ut over både trafikktryggleik, helse og framkome for innbyggjarar og næringsliv. • Lindås formannskap vil difor peika på følgjande fylkesvegstrekk som må høgare opp/inn i: <p>Investeringsprogrammet</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fv.404 Kvamsvåg –Fosse er ferdig regulert og må få høg prioritet i investeringsprogr. 2. Fv.402 (Seim-Feste)- Strekningvise utbetringar – Trong for omfattande punktvise utbetr. 3. Fv.394 – Ostereidet - Samanhengande fortau mellom skule og senter. 4. Fv.401 – gang- og sykkelveg i Kleivane på Seim, - Skuleveg. 5. Fv.391 – Strekninga Hjelmås-Hillesvåg (Apalen) – Fortausløysing. 6. Fv.397/399 Myking – Natås, - behov for avklaring og omtale av framtidig "hovudvegval", samt naudsnyt oppgradering av denne. 7. Fv.395 Vatshelle, omlegging. 8. Fv.415 Lindås – Ådnevik. Ny veg. Kan koma som erstatning for trafikksikring av Lindåsbrekka. 9. Fv.415 Lindås kyrkje – bensinstasjon.en. Fullføring av trafikksikring/ rundkj. og opprydding her. <p>Gang –og sykkelvegar</p> <p>Fv.57 Skodvin– Austrheim grense må bli prioritert i investeringsprogrammet.</p> <p>Fv.404 Kvamsvåg –Fosse er ferdig regulert og må få høg prioritet i investeringsprogrammet Fv.394 Ostereidet – Lindstallen, - samanhengande fortau mellom senter og skuleområdet må med i programmet.</p> <p>Fv.391 Hjelmås – Hillesvåg, - fortausløysing må på plass.</p> <p>Fv.401 – gang- og sykkelveg i Kleivane på Seim, - farleg skuleveg og mykje tungtrafikk.</p> <p>Fleire andre trafikksikringsprosjekt som er omtalt i trafikksikringsplanen for Lindås må innarbeidast i investeringsprogrammet.</p> <p>Fv 57 (til Mongstad)</p> <p>Er overordna fylkesveg, men ligg med prioritet 2 i investeringsprogrammet.</p> <p>Fv 57 må opp på prioritet 1 på grunn av svært mykje tungtrafikk til Mongstad.</p>

		<p>Ny Alversund bru Fv 565 (Radøy)</p> <p>Er overordna fylkesveg, men ligg med prioritet 2 i investeringsprogrammet.</p> <p>Det må sikrast planleggingsmidlar til NY Alversundbru - på Fv 565 - då bruha no berre kan vedlikehaldast for ein kortare bruksperiode.</p>
22.	Masfjorden kommune	<ul style="list-style-type: none"> Masfjorden kommune meiner at prosjekta knytt til Ferjeavløysingsprosjekt må fullfinansierast. Masfjorden kommune meiner at det bør setjast av midlar til fleire punktutbetringar langs fylkesvegane i Masfjorden på følgjande stadar: <p>Fylkesveg 570 mellom Kvamme - Nordre Kvinge</p> <p>Fylkesveg 379 mellom Mollandseid til Furebotn mot E39</p> <p>Fylkesveg 570 mellom Hosteland og mot Hovden i Gulen kommune</p> <p>Fylkesveg 381 mellom Matre til Stordalen</p> Masfjorden kommune peikar på to fylkesvegstrekningar som må inn i investeringsprogrammet for å fremja trafikktryggleiken. Masfjorden kommune meiner at fordelinga av investeringane til fylkesvegane i Hordaland må fordelast meir jamnt ut til alle deler av fylket i planperioden.
23.	Meland kommune	<ul style="list-style-type: none"> Rådmannen vurderer at Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet 2018 –2029 er eit godt og gjennomarbeida dokument. Fylkeskommunen erkjenner at tilgjengelege midlar er mykje mindre enn det er behov for, både når det gjeld driftsbudsjettet og investeringsbudsjetten. Med utgangspunkt i kva som er mogeleg å få til innafor gjeldande økonomiske rammer, meiner rådmannen at det er gjort gode vurderingar når framlegg til investeringsprogram er lagt fram. Det er uheldig om fylkesvegane i Meland skulle få dårlegare driftsstandard enn før. På grunn av manglande omkjøringsvegar er det lite sannsynleg at så skjer. Det er ikkje gjort greie for i detalj kva som definerer ein omkjøringsveg; dersom det skulle kome framlegg om redusert driftsnivå i Meland, må fylkeskommunen ta kontakt med kommunen for ei konkret vurdering av situasjonen. Dersom statlege ytringar om betydningen av ein velfungerande transportsektor skal takst på alvor, bør overføringane til fylkeskommunale samferdselsbudsjetts aukast kraftig. Framlegg til vedtak: «Formannskapet i Meland har ingen merknader til framlegg til investeringar i fylkesvegnettet slik det går fram av kapittel 5.3 i Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018 –2029. Det er av stor betydning at planarbeidet knytt til Nordhordlands pakken held fram, slik det er gjort greie for i kapittel 5.2.1.» Tilleggsbrev: <p>Meland kommune har fleire VA-prosjekt langs fylkesveg som er under planlegging. Nokre av desse er vedteke, medan andre ventar på endeleg vedtak. På dei fleste av desse strekningane er det aktuelt å legge betre til rette for mjuke trafikkantar. I Forslag til Investeringsprogram for fylkesvegnettet vert det flere stader peikt på fordelane med å samarbeide med kommunane om VA-prosjekt langs fylkesvegnettet. I første omgang planlegg kommunen eit nytt VA-anlegg langs FV 247 frå Holme til Tveit. Her er det stort behov for eit betre tilbod for mjuke trafikkantar. Gjennomføring er planlagt i 2018-2019.</p>
24.	Mjølfjell og Reimegrend	<ul style="list-style-type: none"> Fv 307 Raundalsvegen. Stor hyttefelt med 1000 hytter, og 100 planlagde hytter. Auke i dagturistar. Svært dårleg standard. Særleg ille er utviklinga på vegkroppen, med mykje telehiv, nedskunkne skuldrar, djupe hjulspor,

	velforeningar	<p>langsgåande sprekker og asfalthol. Tilstanden var ekstraordinær därleg sist vinter med lite snø.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreslår at midlar til forsterkningstiltak vert auka, og at det vert sett av minimum ytterlegare 5 mill kroner per år til heilt nødvendige forsterkningar/punktutbetringar av fv 307.
25.	Modalen kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Modalen kommune vil på det sterkeste påpeika trangen for auka løyingar til vedlikehald av fylkesvegane. Fv345 gjennom Modalen går i opplysing, og masseutskifting er nødvendig fleire steder. Også stikkrenner treng vedlikehald, og etterslep her gjer til slutt at vegen gravast vekk. • Kommunen legg også vekt på at fv569 frå Romarheim til Dale er ein omkjøringsveg for E16. Vegen er overbelasta som den er, og når E16 er stengd mellom Arna og Dale blir dette ein veg med stor trafikk.
26.	Nordhordland næringslag	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Nordhordlandspakken (bompengefinansiert) vil bidra til utbedringer av fylkesveier, det er positivt. • 2. På Fv 565 er Alversundbroen en kritisk flaskehals. En ny broløsning må snarlig realiseres. Dagens bro har ikke kapasitet til å ta unna dagens/fremtidens ÅDT. • 3. Fv 57, med en betydelig tungtrafikk og ulykkesbelastning, må trafikksikres for fotgjengere/syklistar. • 4. Ny hengebro på strekningen Masfjordnes-Duesund (Masfjordsambandet) er svært viktig for næringslivet. Vi har tillit til at saksbehandlinga av dette gode prosjektet (reguleringsplan og realistisk finansieringsforslag) er på plass innen 31. desember 2017. Vi undres stort over at planen møte motbør i fylket.
27.	Norges Lastebileierforbund avd Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> • Varetransporten i dag har utfordringar knytt til framkomst i og rundt Bergen. Dersom varetransporten hadde adgang til kollektiv- og sambruksfelt, ville dette gitt ein stor samfunnsøkonomisk gevinst i og med at køkøyring hadde blitt sterkt redusert. I tillegg kan unødig køyring i Bergen sentrum unngås då gater ville blitt tilgjengeleg for varetransporten. I tillegg ville dette gitt ein stor miljøgevinst ved mindre utslepp. • Fylkeskommunen må auke investeringstakten slik at etterslepet i kommande NTP periode ikkje veks ytterlegare. • Det er viktig at det avsettes nok midlar til rassikring i kommande planperiode slik at vi unngår alvorlege ulykker. • NLF støttar satsinga på kollektivtransport, men fryktar at store byggje- og driftskostnader innan kollektivtransport skal gå ut over innsatsen på fylkesvegnettet. • NLF er skeptisk til stadig økt bruk av bompengefinansiering, siden dette i stor grad svekker næringslivets konkurransesevne. • NLF deler bekymringa for det store etterspelet. Peikar særleg på å få oppgradert tunnelar på fv 7 mellom Trengereid og Norheimsund, obs Tokagjelet, og å utbetre flaskehalsar mellom Norheimsund og Granvin.
28.	Odda kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Odda kommune er positive til at tunnellsikringstiltak på Eitrheimstunnelen på FV 550 ligg tidleg inne i planperioden. • Vi ber om framskynding av planarbeidet og gjennomføring av ny tunnel på FV 107 mellom Austrepollen og Nordrepollen. Prosjektet er viktig for å sikra gode vegar til regionsenter, der vegen er hovudvgen mellom Jondal og Odda i den nye storkommunen Ullensvang. • Utbetring av parsellen på FV 550 mellom Odda og Folgefonna-tunnelen bør prioriterast høgare, særskilt ved det smale partiet på Egne Hjem. • Vi ber også om at ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd må få to ferjer, sambandet er no det mest trafikkerte sambandet over Hardangerfjorden. •

29.	Odda politikk/Solvi	<ul style="list-style-type: none"> Viser til Odda kommune sitt innspel, og deira siste punkt: Var det ikkje sagt at det siste punktet skulle endras litt, sånn at det står: det mest trafikkerte ferjesambandet over Hardangerfjorden?
30.	Os kommune	<ul style="list-style-type: none"> Vi ber difor om at ferjesambandet Hatvik-Venjaneset blir prioritert som ferjeavløysingsprosjekt. Os kommune arbeider med ein søknad for å bli godkjent som sykkelby. Søknaden kjem til politisk handsaming tidleg 2018. Kommunen si prioriteringsliste: <ol style="list-style-type: none"> Hatvikvegen, parsell 1 (Hegglandsdalen - Klyva) generell opprusting Hatvikvegen – Valle bru (Hegglandsdalen) E39-Lepsøykrysset Sperrevik – Sørstraumen (Lysefjorden) Hegglandsdalsvegen Storumbakken – Lepsøy Lysekloster ruinar – Buena kai Hatvikvegen parsell 2 og 3 (Klyva – Hatvik ferjekai) Hildershavn/Askvik – Drange/Helleskaret
31.	Osterøy industrilag	<ul style="list-style-type: none"> Støttar rådmannen i Osterøy kommune sitt framlegg til vedtak, men har eit tillegg som gjeld fv 566 Vesetgjelet. Osterøy Industrilag ser på FV 566 Vesetgjelet som del av den viktigaste hovedferdselsåra på Osterøy. Men slik Vesetgjelet er no, er det ein svært begrensande flaskehals i infrastrukturen. Flyttinga frå Prioritet II til I er difor heilt avgjerande for kontinuitet og vidare utvikling av Osterøysamfunnet i si heilheit. Osterøy Industrilag har gjort sonderingar om moglege løysingar som alternativ til tunnel v. I den samanheng meiner Osterøy Industrilag at den beste løysinga er å nytte masse frå K5-prosjektet og legge vegen i slakk stigning frå eksisterande tunnel og heilt inn til høgre i landskapet (frå tunnelsida). Dette vil også monaleg gi meir jordbruksareal enn ei tunnelløysing. Å bruka masse frå K5 vil også vere med å bidra til at K5 prosjektet kan starta opp.
32.	Osterøy kommune	<ul style="list-style-type: none"> Osterøy kommune ynskjer at desse prosjekta vert lagt til punkt 5.3.5 Fornying og opprusting i «Forslag til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018–2029»: Pkt. 5.3.5.4 Mindre utbetringer (spleiselas). Fv 567 v/Kringastemma. FV 567 Gangbru over Kringastemma. Spleiselas etter forsterking av demninga. Kommunen har gjort vedtak om utbedring og forsterking av eksisterande demning. Etter planen skal arbeidet utførast i 2018. Kommunen ønskjer samarbeid for å betra trafikktryggleiken på fylkesvegen. Pkt. 5.3.5.5 Kollektiv. Valestrand sentrum, Fv 567 Buss-snusløyfe ved Valestrand skule (spleiselas). Områdeplan Valestrand er nyleg vedteken. Samferdsle og trafikksikring er ein viktig faktor i planen. Planlegging og bygging av buss- snusløyfe ved Valestrand skule er svært høgt prioritert. Ein ønskjer og eit samarbeid for å utvikla sentrumsfunksjonen i form av miljøgate og rundkjøring i Valestrand sentrum. Pkt. 5.3.5.6 Trafikksikring. Prosjekt prioriterte i kommunal trafikksikringsplan, men er for store til å inngå i sekkeposten årlege løvningar til trafikksikring. <ol style="list-style-type: none"> Fv 368 Gang og sykkelveg Rådhuset - Hatlandsskiftet- Lonevåg Barnehage. Byggast innafor gjeldande reguleringsplan.

		<p>2. FV 360 Haus sentrum. Omlegging av veg og fortau.</p> <ul style="list-style-type: none"> Pkt. 5.3.5.7 Gang og sykkel. FV 567 - Gangveg Loftås – Hauge. Reguleringsplan er ferdig. Ferdig bygd gangveg vil gje samanhengande god gang/sykkelveg Valestrand – Lonevåg. Osterøy kommune Hordaland fylkeskommune i 2018/2019 om å innlemma Valestrand – Breistein i det offentleg støtta ferjetilbodet i fylket (anbodssystemet). Osterøy kommune legg fram forslag om omklassifisering. Forslaget er at kommunen tek over ansvaret for siste delen av Fv 360 i Bruvikdalen (1,8 km). Fylkeskommunen tek over eigarskapen og ansvar for drifts- og vedlikehald av Sakslivegen frå Bruvikdalen til den kommunale vegen på Njåstad (3,6 km). Sakslivegen er i dag ein privateigd bomveg med like høg eller betre teknisk kvalitet enn fylkesvegen i Bruvikdalen. Det må leggjast fast dekke på Sakslivegen for at denne skal verte tenleg som offentleg veg.
33.	Radøy kommune	<ul style="list-style-type: none"> Radøy meiner at målformuleringa om å stoppa forfallet er for defensiv, og meiner at målformuleringa burde vore å betra vegnettet. Radøy beklagar at høyriksutkastet i svært liten grad viser hovudmålet i investeringsplanar for Nordhordland og Radøy. Radøy kommune støttar prioriteringa Alversund bru har fått, og understrekar at fylket må investera i ny bru her innan ni år. ÅDT over brua nærmar seg 7000, og dagens brua utgjer både ein tryggleiksrisiko, beredskapsrisiko, og er eit hinder for vekst og utvikling på Radøy. Radøy kommune støttar at fylkeskommunen viser ambisjonar for å oppfylla prosjekta som ligg i Nordhordlandspakken. Me understrekar at tilførselvegane til desse prosjekta også må prioriterast. Radøy kommune etterlyser særleg planarbeid, midlar til vegopprusting, midlar til standardheving og dekkelegging på vegane i Radøy, og understrekar at det er eit særleg stort etterslep på det øvrige fylkesvegnettet, som Radøy har mest av. Heile dette vegnettet held svært låg standard i kommunen, og me meiner at fylket har forsømt dette hjå oss. Radøy kommune ber Hordaland fylkeskommune prioritera planarbeid og standardhevingstiltak på det øvrige fylkesvegnettet i Radøy, og andre kystområde, som elles lir under manglande prioriteringar, og som heller ikkje nyt godt av td rassikringsmidlar og tunnelforskrifta. Desse ordningane fører i realiteten til ei vedvarande nedprioritering av fylkesvegnettet ved kysten. Me vert hengande ekstra etter på vegstandarden, trass i folketals- og trafikkauke. Radøy kommune krev følgjande vegstrekningar inn i Investeringsprogrammet: Fv. 565, Fv. 409, Fv 410, Fv 411 – FV 565, FV 412, Fv 413. Radøy kommune presiserer at del av noverande FV 565 Soltveit – Marås må få heva standard før evt. omklassifisering til kommuneveg. Radøy kommune har gyldig TS-plan, som har eigne avsnitt som gjeld fylkesvegane, og me forventar at desse vert følgt opp i investeringsprogrammet. Radøy kommune ber om at prosjektet Sambandet vest blir prioritert i forhold til oppstart av formell planprosess, og viser til at Lindås, Meland og Radøy kommunar har motteke midlar frå KMD til planmidlar for dette sambandet. Radøy kommune ber fylkeskommunen vidareutvikla kollektivtilbodet i Radøy og mellom Radøy og Bergen. Me peikar særleg på tronen for betre kollektivsamband mellom Austebrygd, Bø og til/frå Manger. Radøy kommune ønskjer særleg at det vert etablert kollektivterminal på Manger. Radøy kommune ber fylkeskommunen etablera innfartsparkering ved Sæbø skule, og auka bussfrekvensen t/r Bergen derfrå. Radøy kommune ber fylkeskommunen auka båttilbodet mellom Knarvik/Frekhaug og Bergen. Me ynskjer fleira avgangar og også

		større båt i takt med trafikkveksten. Venterom på Knarvik kai må betrast.
34.	Regionrådet i Nordhordland	<ul style="list-style-type: none"> Regionrådet i Nordhordland meiner det Det bør setjast av meir midlar til vedlikehald, men det må også sjåast på korleis midlane kan nyttast på ein kostnadseffektiv måte som gjer at ein får mest mogeleg igjen for midlane. Dekkelegging – samanlikna med andre fylke. I Nordhordland er det mange km med fylkesveg som treng nytt dekke. Me vil også peika på at fv 569 frå Romarheim til Dalseid har ein dårlig standard. Dette er ein omkjøringsveg for E16 og har difor til tider stor trafikk. Ny Alversund bru er eit av dei viktigaste prosjekta i regionen. Den har stor trafikk og er heilt naudsnt som omkjøringsveg. Brua er utgått på dato. Finansiering av ny bru må difor kome på plass så raskt som mogleg og seinast i 2021 når RTP vert revidert slik det står i forslag til investeringsprogram. Bygging av ny bru må kome så raskt som mogleg slik at me nyttar ressursane der, og ikkje på ei gamal bru som ikkje er framtidsretta. Det som står i forslaget til investeringsprogram om Alversund bru må følgjast opp. Fylkesveg 567 gang/sykkelveg Loftås – Hauge vil gje ei samanhengande og trafiksikker løysing mellom dei største tettstadene i Osterøy kommune, Valestrand – Lonevåg. Prosjektet er prioritert i Osterøy sin trafikksikringsplan, men omfanget for stort for posten for årlege løyyingar til trafikksikring. Fylkesveg 57 har lange strekningar som ikkje er tilrettelagt for gående eller syklande. Me tenker spesielt på strekninga frå Lindås til Mongstad. I kap 5.2.9 i RTP står det følgjande: «Utanfor byar og tettstader kan det vere aktuelt med brei vegskulder i staden for adskilt gang/sykkelveg.» Dette er også følgt opp i investeringsprogrammet kap 5.2. Me ser det som viktig å nytte differensierte verkemidlar for å fremje meir sykkel og gange. Fleire forslag til endringar – omklassifisering. Regionrådet Hordaland fylkeskommune i 2018/2019 om å innlemma Valestrand – Breistein i det offentleg støtta ferjetilbodet i fylket (anbodssystemet). Ferjesambandet er kort og særskilt godt eigna for elektrifisering. I vår region må me få Masfjordbrua finansiert med ferjeavløysingsmidlar Det må da gjerast vedtak i løpet av 2017 som eit fylkeskommunalt vegprosjekt. Regionrådet i Nordhordland forventar at alle involverte partar stiller opp for å nå denne fristen. Peikar på innfartsparkering på Flatøy som viktig. Peikar på snøggbåten mellom Knarvik-Frekhaug-Bergen som viktig. Det vil vere knappe rammer i forhold til dei behova som er. Det er difor svært viktig at det handlingsrommet som fylkeskommunen har til å fråvike vognormalane vert nytta på ein god måte. Me trur at fylkeskommunen framleis har meir å gå på der. Det vil vere meir fagleg krevjande, men det kan gi meir tenleg veg for pengane.
35.	Reisemål Destination Hardanger Fjord AS	<ul style="list-style-type: none"> Rv 13. Strekninga ved Kyrkjenes, nord for Kinsarvik. I tillegg til gang- og sykkelvegar generelt, må det tilretteleggjast for gang- og sykkelvegar som alternativ til tunellar. I tillegg å ta sykkel med på buss. Må legge til rette for stor nok toalettkapasitet langs vegane med tekniske løysingar som er velfungerande og organisere drift av desse anlegga. Ferjene er viktige samband. Ynskjer ferjer med gode salongar med utsikt, moglegheit for servering og med plass til brosjyrevariell og plakatar. Og at kapasiteten på sambanda er stor nok til å ta unna trafikk, både i høg- og lågsesong.
36.	Samarbeidsrådet for	<ul style="list-style-type: none"> Samarbeidsrådet meiner at det er lett å stilla seg bak dei mål og strategiar som planen legg opp til, men meiner likevel at det er områder som kunne vore forsterka, særleg i høve til Sunnhordland sine utfordringar. Prosessen fram til høyringsdokumentet har

	Sunnhordland	<p>vore omfattande og inkluderande. Det har vore møter med samferdsleavdelinga og kommunane, der ein tidleg har fått kome med innspel til planen. Samarbeidsrådet stiller nokre spørsmål til om regionen ser noko igjen av desse innspela.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 3.1.1.1 Stort etterslep på fylkesvegnettet. Dette vil kunna gje utfordringar til dei kommunane som har eit vegnett som er klassifisert som "Øvrig vegnett". Korleis kan ein sikra at etterslep vert prioritert på desse vegane? • 3.1.1.2 Klimavenlege ferjer gir høgare kostnader. For ein del kommunar i Sunnhordland vil miljøambisjonane» føra til lågare frekvens på sambanda. Dette er ikkje dei reisande tent med. • 3.1.1.3 Riksvegane er viktige for næringslivet. For Sunnhordland er det viktig å få fram at ferjesambanda er ein del av riksvegane, og at desse og er med på å auka kostnader i transportsektoren, både i tid og reelle kostnader. Konsekvensar frå 3.1.1.2, Klimavenlege ferjer gjev høgare kostnader. • 3.1.4 Luftfart. Stord lufthamn, Sørstokken er viktig for næringslivet i store delar av regionen. For å sikra stabilitet og frekvens på Osloruta bør Stord kommune og Hordaland fylkeskommune vurdera å lysa ruta ut på anbud slik Samferdsledepartementet gjer for det statlege regionale flyplassnettet. Anbuddet bør i planperioden lysast ut for 4 år om gongen med oppstart frå sommarprogrammet 2019. • 3.1.5 Sjøtransport og fareleier. For Bømlo og Sunnhordland er det viktig å få realisert ei felles fiskerihamn på Bømlo. • 4. Økonomiske rammer og overordna prioriteringar i perioden 2018-2021. 4.2.2 Ferjeavløysingsmidlar For Sunnhordland er ferjeavløysingsmidlar ein stor moglegheit for å få realisert fastsamband for Huglo og Fjellberg. Samarbeidsrådet har i møte med samferdsleseksjonen ved fleire høve peika på at desse midlane er viktige, og har bede om at Regional transportplan skulle ha eit eige kapitel om ferjeavløysingsmidlar. Det er difor grunn til å reagera på at ferjeavløysingsmidlar og dei moglegheitene dei kan gje, er tona ned i RTP. Ferjeavløysingsmidlar til Huglosambandet og Fjelbergsambandet bør omtalast i planen. Det er òg grunn til å stilla spørsmål til formuleringa i kapitelet. Er årsaka til ei så defensiv haldning til ferjeavløysingsmidlar at fylkeskommunen kan nyta differansen mellom reelle kostnader og tilskotet pr. samband på kr. 19.mill, til anna fylkeskommunal finansiering? Ferjeavløysingsmidlar bør brukast etter nasjonale føringer og intensjonar. Dette er ikkje følgt opp i planen. • 4.2.7 Bompengefinansiering på fylkesvegnettet. Det er positivt at Stordpakken og Kvinnheradspakken er omtala i planen. Det er og positivt at det vil vere aktuelt å vurdere bompengepotensalet for lokal delfinansiering av fleire tiltak på fylkesvegnettet, til dømes bompengepakke i Austevoll. • 5. Fylkesvegnettet. Samarbeidsrådet støttar opp om dei overordna måla i kapitelet. • 5.2.5 Ta i bruk fleksibilitet i vegnormalane. Det er positivt at fylkeskommunen ynskjer å utnytta denne fleksibiliteten. • 6. Kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport. Samarbeidsrådet støttar opp om dei mål og strategiar som er omhandla i kapitelet. Rådet vil likevel peika på at planen er svært mangefull når det gjeld omtale av snøggbåttilbod og satsing på denne. • Tiltak 6.1 Reiseliv kollektivtransport. Samarbeidsrådet har fått innspel frå reiselivsnæringa om få vurdert om det er mogleg å få innført eit vekekort for turistar i Hordaland, gyldig for alle typar transport som hurtigbåt, ferje og buss. Snøggbåten i Sunnhordland må bli betre kjent som eit reiselivsprodukt på lik måte som Norled gjer det nordover i fylket, i Sogn og fjordane og på Møre. Båten går, Sunnhordlandsbassenget ligg der. Samarbeidsrådet ønskjer at rutetilbodet til snøggbåten mellom Bergen, Austevoll og Sunnhordland vert styrka. Fleire avgangar vil ha stor betyding for næringsliv og pendlarar, og vil knyta Sunnhordland tettare saman og regionen tettare saman med Flesland og Bergen. Dette bør og vera ein del av vurderingane i dette
--	--------------	---

		tiltaket.
37.	Samnanger kommune	<ul style="list-style-type: none"> Samnanger kommune har fokus på mjuke trafikantar; gåande og syklande. Til følgjande prosjekt har kommunen forventing om fylkeskommunal medfinansiering: Gang- og sykkelveg frå kryss mot Eikedalen skisenter til Fossen bratte. (2 km) (2 km asfaltdekke). Kommunen vil legge nytt avlaupsanlegg, og starte regulering av gs-veg. Gang og sykkelvegløysing frå Raunekleiva til Ådland (Planlegging 500.000,- totalkostnad avhengig av val av standard). Kommunen ønskjer dialog med fylkeskommunen om val av standard. Skuleveg frå Tysse til Gjerde. (Nytt dekke 1.000.000,-). I denne høyringa søker kommunen tilskot til ein punktvis utbetring av strekket frå Tysseelva til Indre-Tysse.
38.	Steffensen	<ul style="list-style-type: none"> Fv 2013 Skiftesvik – Marikoven. Viser til prioriteringar i Askøypakken.
39.	Stord kommune	<ul style="list-style-type: none"> Stord kommune ser positivt på at fylkeskommunen set av midlar slik at dei kan yta tilskot til mindre samarbeidsprosjekt slik at til dømes kommunale vatn- og avlaupsprosjekt kan utvidast til og å omfatta gang-/ sykkelvegar og oppgradering av køyreveg og haldeplassar. I tillegg til Fv. 67 Litlabøvegen, Fv. 544 Vabakkjen-Leirvik sentrum-Ådland bru, Fv.545 Stord vestside, Huglosambandet, ferjesambandet Stord-Kvinnherad og Stordpakken, ber kommunen om at følgjande prosjekt vert teke inn i planprogrammet og porteføljen for større investeringsprosjekt dei neste tolv åra: <ul style="list-style-type: none"> Fv. 68, Ny veg i forlenging av Tysevegen og over til Øvre Sæ. Fv. 72, Dåfjordvegen. Fv. 545, Sagvågsvegen. Huglosambandet må inn i planprogrammet. Bompengeprosjektet for Stord vestside har berre midlar til ei minimumsløysing ved kommunegrensa mellom Stord og Fitjar. Kommunen bed fylkeskommunen om å løyva investeringsmidlar slik at prosjektet kan fullførast slik det opphavleg var planlagt.
40.	Sund kommune	<ul style="list-style-type: none"> Sund kommunestyre handsama sak om investeringsprogrammet på møte 18.10. 2017 – og fatta slikt vedtak: 1. Sund kommunestyre er nøgd med at nord-sør-vegen på Sotra har fått prioritet 1 i investeringsprogrammet. Kommunestyret vil arbeida for å få på plass ei finansieringsløysing for opprusting av denne vegen så snart reguleringssplan med kostnadsoverslag ligg føre våren 2018. Sund kommunestyre legg til grunn at tiltaket må delfinansierast med bompengar. 2. Sund kommune har fleire uløyste oppgåver knytte til fylkesvegane elles. Spesielt kan nemnast opprusting av vegane til næringsområda på Skaganeset og i Porsvika. Trafikksikring er ein viktig del av desse opprustingstiltaka. Kommunen har utarbeidd planar og sikra grunnavtaler – og vonar på å få til spleislag med fylkeskommunen som vegeigar. 3. Sund kommunestyre forventa at forskotteringen ved utbetring av FV 555 på Hammersland skulle verta utbetalt i investeringsprogramperioden 2018-2029. Kommunen vil be om ei ny vurdering på dette punktet. 4. Sund kommunestyre vil framleis arbeida for å få realisert ferjeavløysingsprosjektet Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad – og vonar på eit godt samarbeid med fylkeskommunen om dette.
41.	Sveio kommune	<ul style="list-style-type: none"> 1. 5.2.3 Kommunedelplan (s.33) <p>Kommunedelplan for Sveio sentrum er starta opp med forventa ferdigstilling 2019. Dette arbeidet vil vidareføre tideligare planar for Fv 6 igjennom Sveio Sentrum og konkretisering av planane som miljøgate.</p>

		<ul style="list-style-type: none"> • 2. Fv 47 Haugalandspakken Utbetring av Fv 47 frå Fagerheim til Ekrene, inkludert nytt kryss på Ekrene inngår som eit tiltak i Haugalandspakken. Antatt byggestart 2018 eller 2019. Sveio kommune ber om at investeringsbehovet på Hordalandssida føres opp med dei naudsynte løyvingar jf tabell 5.3 side 35. • 3. Fv 47 sør for Sveio Et stykke på ca 700m av Fv 47 av for Sveio sentrum har divergerende standard enn vegen for øvrig. Smalare veg og manglar midstripe. Bør prioriterast i investeringsprogrammet. • 4. 5.5.3 Framtidige bompengepakkar og prosjekt. (s 41.) Styringsgruppa for Haugalandspakken har gjort vedtak om å starta arbeidet med ein Haugalandspakke 2. Den eksakte utforminga av Haugalandspakke 2 er ikkje avklart men det er ein sannsynlighet for at Sveio kommune vil inngå i denne og punktet bør derfor medtas i dette kapittelet. • 5. 5.2.5 Planlegging og utgreiing av fylkesveg i kommunal regi • I samband med planlegging av bustadområde på Ekrene vest er det gjort avtale med Statens vegvesen om at planlegging av gang- og sykkelveg langs Fv 541 frå kryss Fv 47 til Vikse skule og vidare til kryss KV Straumavegen medtakast i reguleringssarbeidet. Denne delen av reguleringssarbeidet dekkjast økonomisk av Statens vegvesen. Tiltaket er særsviktig for trafikksikkerhet i eit område med utbygging, stigande befolkning og stor aktivitet ved skulen. Tiltaket treffer målsetjinga om betre og meir samanhengande gang og sykkelvegar rundt skuler og andre målpunkt mycket godt. Reguleringsarbeidet forventes ferdigstillet i slutten av 2018. Sveio kommune ber om at tiltaket prioriterast inn på investeringsprogrammet for trafikksikkerhetstiltak jf punkt 5.3.5.7
42.	Tysnes kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Tysnes kommune er positiv til at det no vert lagt opp til betre og meir føreseielege rammer for fylkeskommunen sine investeringar og vedlikehald gjennom investeringsprogrammet. Det er sjølv sagt ikkje alle deler av fylkeskommunen si tilnærming me kan gje vår tilslutning til, men programmet bidreg til meir gjennomsiktige prosessar i politikkutforminga som uansett er positivt. • Tysnes kommune er samd i at vedlikehald og turvande utbetringar av fylkesvegnettet no må prioriterast framfor store nye prosjekt. Me har likevel noko vanskar med å sjå dette att i investeringsprogrammet som no er lagt fram. Vårt inntrykk er at mykje midlar er bundne gjennom bompengepakker og at det utan nye pakker er vanskeleg å få gjort turvande utbetringar. Me meiner at ei årleg ramme på kr. 80 million til forsterkingar er for lite. • Tysnes kommune merkjer seg tanken om å redusera vedlikehaldsstandard på einskilde vegar som eit innspeil for å få betre kontroll over det samla vedlikehaldsetterslepet. Me meiner at dette er ein uklok strategi dersom det er slik at vegar skal forfalla heilt til dei kollapsar og så skal dei stengast. Dersom fylkeskommunen meiner at deler av fylkesvegnettet i dag faktisk kan stengast må dei setja i gang ein open prosess kring dette. Me kan ikkje sjå at det i dag er vegar som kan stengjast utan at det vil koma i konflikt med målet om godt framkome som er meisla ut i RTP. Tysnes kommune vil ikkje kunne akseptera at denne prosessen vert gjort gjennom omklassifisering frå fylkesveg til kommunal veg. Kommunane har ingen føresetnader for å ta opp att år med forsømt vedlikehald på fylkesvegnettet. • Tysnes kommune meiner at fylkeskommunen har ei for passiv haldning til ferjeavløysingsmidlar. Dersom Hordaland skal få prosjekt realisert gjennom denne ordninga krev det at fylkeskommunen er viljig til å medverka, også økonomisk, i vidare planlegging av prosjekta som tidlegare er omtala i RTP. • Tysnes kommune er positive til at fylkeskommunen er opne for gode samarbeidsprosjekter til dømes ved at gang- og sykkelvegar kan

		<p>byggjast ut der kommunen har arbeid til dømes i framføring av vatn og avlaup.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tysnes kommune ønsker å peika på følgjande konkrete prosjekt som me meiner bør prioriterast i økonomiplanperioden: <ul style="list-style-type: none"> - Strekningsvis utbetring av FV 79 mellom Uggdal og Onarheim Vegen er i dag i därleg stand og det er store utfordringar knytt til tryggleik og framkome langs vegen. Utfordringar knytt til framkome har vorte ennå større etter naudutbetringar som vart gjort i Kløvbrekka inneverande år. Det er foreslått å løyva kr. 2 million til stekket i 2018, dette er i utgangspunktet for lite. Dersom løyvinga likevel vert auka ønsker kommunen ein tett dialog om kva tiltak som skal gjennomførast. - Utbetringar av tunnellar langs FV49 Me ber om at det vert prioritert å utbetra tunnelar på Uggdal langs FV49. Høgda på tunellane er i dag så låg at det er eit problem for næringsverksemd i kommunen som produserer takstolar for marknaden i Sunnhordland og Haugalandet. Bilar med takstolar kan i dag ikkje ta seg fram til Hodnanes via FV49. Alternativet kunne vore å nyta omkjøring via FV79 mellom Uggdal og Onarheim, men denne vegen har så därleg standard at det ikkje er mogleg. - Planmidlar for å realisere ferjeavløysingsprosjekt Huglo Det er ønskjeleg at det vert løyvd planmidlar for å gå vidare med kommunedelplanar for ferjeavløsing for Huglo. Utarbeiding av reguleringsplan er ein føresetnad for å koma vidare i prosjektet. - Strekningsvis utbetring av FV78 mellom Nedravåge og Flakkavågen FV78 har så därleg bereevevne og standard at den er til hinder for utvikling av næringsområde på Nedravåge. Vegen må utbetrast for å kunna ivareta ei større trafikkbelastning. Den strekningsvise utbetringa kan i noko mon gjennomførast med punktutbetringar i første omgang, men det er viktig at heile strekninga vert vurdert for å nå mål om godt framkome. - Gang og sykkelsti langs FV 49 – Reiso til Våge Det er ønskjeleg at det vert sett midlar til planlegging av gang og sykkelsti frå Reiso til Våge. Ei framtidig utbygging kan kanskje samordnast med utbyggingar innanfor vatn og avlaup. - Punktutbetringar langs FV 49 Gjersvik - Malkenes Det bør vurderast punktutbetringar langs FV 49 frå Gjersvik – Malkenes, i første rekke bør det gjerast tiltak for utbetringar i Vadlasvingane. - Punktutbetringar FV78 Skaret – Lunde Det må leggjast til rette med fleire møteplasser på dette strekket. • Tysnes kommune ber om at vegeigar/utførar legg til rette for dialog med kommunen både i samband med akutte og planlagde tiltak. • Tysnes kommune ber også om at FV 49 frå Våge til Gjermundshamn vert vurdert som del av det overordna fylkesvegnettet.
--	--	---

43.	Ullensvang herad	<ul style="list-style-type: none"> • Ullensvang formannskap merkar seg investeringsprogrammet og står opp om prioriterte tiltak i Ullensvang herad og er særslig glad for at det er løyvd midlar til forsterking av «Kråkevikparsellen» på FV550 i 2018 og 2019. • Formannskapet vil i tillegg melda inn fylgjande fylkesvegar som er viktige for Ullensvang til investeringsprogrammet: FV108 frå Kinsarvik til Huse – bygging av gang- og sykkelveg/omlegging vegtrase FV550 Utne-Jondal – utbetring bereevne og kurvatur Ferjesambandet Utne-Kvanndal er eit fylkesvegprosjekt, og det er viktig at det nye anbodet tek omsyn til nytt materiell med kapasitet og frekvens som i dag. Det er pr i dag attståande bilar ved fleire avgangar. • Ullensvang formannskap står elles opp om Hardangerrådet sin uttale. • Ullensvang herad ber Hordaland fylkeskommune om å retta opp tabellen på s. 49, då FV550 Aga-Kråkevik ligg i Ullensvang herad, ikkje i Odda kommune. •
44.	Vaksdal kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Fv 314 Kvamstotunnelen i Dale sentrum. Ber om at dette tiltaket vert prioritert inn i investeringsprogrammet. Sjå også vedlegg med utfyllande info. • Småbrekke i Bergsdalen (Fv 314). Kommunen har arbeidd med ei løysing, i samarbeid med Statens vegvesen, og treng investeringsmidlar frå fylkeskommunen slik at det vert etablert ei avkjørsle til parkeringsplass. Løysing er utarbeidd i samarbeid med Statens vegvesen, men manglar midlar. Sjå også vedlegg med utfyllande info. • Rassikringsprosjekt som er inne i planen er på Gullbrå, øvst i Eksingedalen. Vaksdal er svært positiv til fylkeskommunen si prioritering. • På strekningen Dalseid-Eidsland, Fv 569, er det avsett til forsterkningstiltak. Dette er heilt nødvendig, for vegen er smal, svinga og langt frå dagens krav og standard. • Det er begynt ei utgliding/grunnbrudd i Eikemovatnet, Fv 569. Vegen vart her lagt på ny fylling for ca 2 år sidan, og denne er på veg ut. Me ber om at dette vert prioritert inn i investeringsprogrammet. • Modalstunnelen er del av den viktige omkjøringsvegen og bindeleddet mellom E16 og E39, mellom Dalseid og Romarheim. Tunnelen har lav standard, og i sommarhalvåret er det også mykje aukande sykkelaktivitet i Eksingedalen og Modalen. Det er veldig viktig at Modalstunnelen no er inne i investeringsprogrammet, og vert oppgradert. • Modalstunnelen er del av den viktige omkjøringsvegen og bindeleddet mellom E16 og E39, mellom Dalseid og Romarheim. Tunnelen har lav standard, og i sommarhalvåret er det også mykje aukande sykkelaktivitet i Eksingedalen og Modalen. Det er veldig viktig at Modalstunnelen no er inne i investeringsprogrammet, og vert oppgradert. Oversiktstabell over tilleggstiltak som er naudsynt å gjennomføre i 2018.
45.	Øygarden kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Øygarden kommune er nøgd med at den viktige tilførselsåra for Sotrasambandet fv 561 Kollveit – Ågotnes får prioritet 1 i denne perioden sjølv om finansiering ikkje er avklart. • Under punkt 5.3.5.4 «Mindre utbetringar (spleiseland)» er det for åra 2018 og 2019 sett av 20 millionar kroner årleg. I programmet er det nemnt at Øygarden kommune ønskjer å få til eit spleiseland for å ruste opp delstrekningar av FV 229 Skjold - Hellesøy. Vidare går det fram av programmet at storparten av potten i 2018 er låst til to ulike prosjekt i andre kommunar. Øygarden kommune skal i dialog med HFK om dette prosjektet og vil signalisere ei forventning om ei monaleg dekking av kostnadane over posten «mindre utbetringar (spleiseland)» for åra 2018 og 2019.

		<ul style="list-style-type: none">Øygarden kommune har tidlegare tatt på seg store kostnader ved utbetring av fylkesvegstrekk i kommunen utan at dette har vorte særlig belastande for budsjetta til SVV og HFK. Vi meiner difor å vera i posisjon til at HFK prioriterer dette prosjektet og ser fram til ein god dialog vidare.
--	--	---